



Medlem og varamedlem i Eidfjord felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-68
Journalpostid: 23/8826

Saksh: Linda Ågotnes Kaland
Telefon: 53 67 35 37

Arkivkode: K1-033
Dato: 17.08.2023

Møtebok 17.08.2023

Tid: Kl. 10.00 – 11.15.

Stad: Møterom i 2. etg. på kommunehuset.

Frå fellesrådet møte:

Ole-Johnny Odland, Frode Eriksen, Harald Næss, Marete Sæbø, Sigrid Bu, Magnar Røyse og Johanna Håbrekke.

Frå administrasjonen møte:

Linda Ågotnes Kaland, Lisbeth Bygstad Celik og Kari Lægreid.

Underskrift møtebok:

Marete Sæbø og Harald Næss.

Sak 106 - Godkjenning av møtebok 06.06.2023

Møteboka vart godkjent.

Sak 107 - Rehabiliteringskonferansen i Haugesund 24.08.23.

Stort ynskje i fellesrådet om å delta på konferansen på grunn av interessant og viktig tema – men dato passet dessverre ikkje for nokon i fellesrådet.

Sak 108 - Utsmykking i sansehagen.

Gjennomgang av tilsendte forslag frå Norsk billedhoggerforening via Bergljot Maria Veivåg Hauso.

Fellesrådet vil gje innspel om ein fontene med plass til skulpturen liten gut med kroneis. Marete og Harald tek innspel og bileteksemplar vidare til møte på bygdaheimen 07.09.23.



Sak 109 - Nytilsett folkehelsekoordinator i kommunen, Kari Læg Reid.

Kari byrja 01.08.23 som førebyggjingskoordinator i 50% fast stilling og ruskoordinator i 50% prosjektstilling (2 år).

Førebyggingsstillinga er delt. Den er og fordelt på arbeid med ungdomsklubb og ungdomsråd.

Folkehelse er eit bredt fagområde. Kari ser for seg å ha fokus på aktivitetstilbod - kartlegga behov og tilrettelegge.

Fellesrådet presenterte nokon idear/ynskjer:

- Moglegheit for utveksling/sammøte med ungdomsrådet, til dømes 2 gongar i året eller halvåret?
- Vellukka tiltak som tysdagsgruppa, bassengtrening, eldre ut på middag og liknande bør bestå. Enkle gode ting er viktig.
- Oppgradering fysioterapi og betring av treningstilbod ved bygdaheimen.
- Prioritere dei eldre som ikkje er på bygdaheimen og.
- Dialog med idrettslaget og turlaget.

Sak 110 - Ymse:

Orientering v/ Harald Næss:

- Betaling, pensjon og formue for bebuarar på bygdaheimen:
Betaling for bebuar på bygdaheimen er basert på ein statleg modell for dette som er på ca. 80% av løn/pensjon. Ved stor formue, betaler du ikkje av formuen, men dersom den renter seg – betaler du prosent av renteinntekten. Minst 20% av løn/pensjon skal du ha igjen til eget forbruk.
- Utflukter for bebuara på bygdaheimen:
Aktivitør ved bygdaheimen melder om begrensa etterspørsel, og at det ikkje er så stor interesse blant bebuarane til dette. Dei hadde ein velukka og kjekk tur til Fossl.
- Vegen vidare etter/ved nytt val.
- Beplantning ved bygdaheimen – gartnaren plantar om litt etter kvart, og held bra vedlikehald.
- Benk frå tunge ting som skal stå ute ved bygdaheimen kjem neste veke. Trimapparat er bestilt og estimert levering er i oktober.

Neste møte: 19.09.2023?

Leiar

Medlem

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Linda Ågotnes Kaland
Sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok

Vedlegg:
Dok.nr
238461

Tittel
Skulptur gut med kroneis